



Referat frå møte i fylkesberedskapsrådet 13.-14. februar 2018

1. Opning v/fylkesmann Anne Karin Hamre

Fylkesmann Anne Karin Hamre opna med å informere om Fylkesmannen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap, alvorlege hendingar sidan sist og status for samanslåingsprosessen.

- Kontinuerleg fjellovervaking av Joasetbergi kom på plass hausten 2017. I april skal det gjennomførast ei diskusjonsøving med politiet, NVE, Aurland kommune og Fylkesmannen.
- Fleire øvingar har vist at Nødnett er eit godt samvirkeverktøy. Fylkesmannen, kriseleiinga i åtte kommunar og distriktskontoret i Røde Kors m.fl. er på Nødnett.
- Det har vore fleire alvorlege hendingar det siste året, mellom anna bortfall av ekom, IKT-angrep, brannen i Fjærlandstunnelen og flaumen i Nordfjord. Konklusjonen frå sistnemnde er at samvirket fungerte godt og at dei frivillige nok ein gong viste seg å vere ein viktig ressurs.

Sogn og Fjordane og Hordaland vert eitt embete frå 01.01.19. Det vert delt lokalisering i Leikanger, Bergen og Førde med hovudsete og leiing på Leikanger. Talet på tilsette i Sogn og Fjordane skal vidareførast.

2. Utfordringsbiletet og korleis vi nasjonalt, regionalt og lokalt bør jobbe med samfunnstryggleik og beredskap v/Cecilie Daae

Det vert jobba godt med beredskap i Sogn og Fjordane og fylket er eit føredøme på fleire område. Klimaendringar og helseutfordringar går ofte igjen som særlege risikoområde, men det heilskaplege utfordringsbiletet er likevel i endring og endringane går stadig fortare. Noreg er eit land der innbyggjarane har høg tillit til myndighetene, noko vi er avhengig av for å handtere det heilskaplege utfordringsbiletet.

- Prioriterte område for DSB i 2018 er mellom anna å skape større medvit om eigenberedskap i ulike deler av samfunnet og utarbeide nye mobilbaserte system for befolkningsvarsling.
- Tilrådinga i konseptutgreiinga for Sivilforsvaret har fått brei støtte.
- DSB arbeider med å vidareutvikle totalforsvaret. Det endra tryggligespolitisk biletet gjer at spørsmålet om korleis det sivile samfunnet kan støtte forsvaret står høgare oppe på agendaen enn tidlegare.

3. Samfunnstryggleik og beredskap etter omorganiseringar og etablering av nye strukturar

Politiet v/Erik Hole

Den nye operasjonssentralen har vore i drift i knapt tre månadar. Så langt har samarbeidet fungert godt internt i politiet og med naudetatane i Sogn og Fjordane. Det har vore omstendelige prosessar knytt til organiseringa av det nye politidistriktet, men leiarane byrjar no å kome på plass. Politimeisteren er pålagt å etablere såkalla rednings- og beredskapsråd. I den nye strukturen skal ein operativ planleggjar ha ansvar for dette, og råda vil ha øvingsplanlegging som eitt av sine område.

Sivilforsvaret v/Stein Morten Rønningen

Dersom det nye distriktet vert for stort kan det resultere i dårlegare oversikt, lokalkunnskap og kjennskap til mannskap. Andre aspekt det må takast høgde for i omorganiseringa er lange avstandar, vêr og klima. Ei sentral utfordring er at dei operative mannskapa i Sivilforsvaret ikkje er profesjonelle beredskapsaktørar. Dersom det tenestepliktige befalet skal få eit utvida ansvar i kriser, er det trong for omfattande skulering.

Heimevernet v/Ivar Hatlelid

HV er midt i ei omorganisering. Merksemda framover vil vere meir trening på krigsrelaterte oppgåver, medan objektsikringsoppgåvene vert tona noko ned. Det er trong for fleire lokale som er godkjent for gradert informasjon. I Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane er det berre eitt rom som er godkjent for hemmeleg.

Alarmsentralen v/Terje Brandsøy

Ny 110-region vest er etablert med Bergen som hovudsete. Arbeidet med utgreiing av virtuell samlokalisering mellom Bergen og Florø er i gong. Andre viktige prosjekt for tida er tunnelgruppa. Den er mellom anna oppteken av erfaringslære og framtidretta arbeid. Den nye dimensjoneringsforskrifta vert òg viktig, mellom anna med tanke på korleis leiinga skal organiserast i framtida.

Oppsummering av paneldebatt

Det er viktig å ha god kjennskap til kvarandre for å lukkast i krisehandteringa. Difor må vi halde fram med å møte kvarandre på små og store arenaer også i det nye vestlandsfylket. Fleire ønskjer at Fylkesberedskapsrådet skal møtast og øve saman hausten 2018. For å vidareføre det gode samvirket forventar DSB at det nye embetet startar tidleg med å utarbeide ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse.

Overordna blick på nasjonale og internasjonale beredskapsutfordringar, særleg innan helseområdet v/Geir Sverre Braut

Utfordringsbiletet har endra seg mykje dei siste 150 åra. Nye risikoar har kome til, og mange av dei store, tradisjonelle utfordringane er vesentleg redusert i dag. Fleire beredskapsaktørar fekk krass kritikk etter terrorhendingsane 22.07.11, men store deler av det norske samfunnet fungerte trass alt godt under hendinga og i tida etter.

- Vi må verte flinkare til å diskutere uvisse i samband med risiko- og sårbarheitsanalysar.
- Sannsynsomgrepet er utfordrande å bruke. I mange tilfelle kan det vere betre å bruke omgrepet «plausibilitet» (plausibility), som seier noko om kva hendingar som er moglege og rimelege.
- Helseutfordringane er krevjande og kvar enkelt aktør må ta ansvar for sitt område.

Helseberedskap i Sogn og Fjordane v/Terje Olav Øen og Linda Svori

Ny plan for prehospitale tenester

Det overordna målet med prehospitale tenester er å sikre innbyggjarane eit godt tilbod, og leggje til rette for samarbeid mellom helseføretaket og kommunane om den akuttmedisinske kjeda. Den første prosjektfasen omfattar datainnhenting og analyse. Eit av funna er at mykje av ambulanseresursane vert brukt til å transportere pasientar mellom sjukehusa.

Konsekvensar av akuttmedisinforskrifta

Sogn og Fjordane er eit fylke med mange utfordringar i akuttkjeda, særleg med omsyn til geografiske avstandar. Rekruttering av personell utanfor sjukehus er ei utfordring, særleg fordi det er konkurranse om dei unge legane og få fastlegesøkjarar. I tillegg vert kompetansekrava til legevaktlegar strengare frå 01.05.18.

Nytt pilotprosjekt for legevakt i fylket

Målsetjinga med legevaktpiloten er å finne ut om ei ny organisering for legevakt i små- og mellomstore kommunar sikrar ei berekraftig og forsvarleg akuttmedisinsk teneste lokalt i område som har utfordringar i dag. Kommunane har vist interesse for å vere med i piloten, men det er uvisst om dei kjem til å søkje.

Drivstofforsyning

Helse Førde har ikkje planar for forsyning av drivstoff ved til dømes bortfall av straum. Det finst eitt anlegg med reservert drivstofflagar for naudetatane og viktige funksjonar i kommunen. Elles er det ingen avtalte ordningar i fylket. Det bør setjast i gang eit nasjonalt arbeid for å vurdere trong for beredskap knytt til drivstofforsyning i helsesektoren.

Orientering om oljevernberedskap v/Tor Hellesten

Utgreiingar og stortingsmeldingar frå 2015/16 viste at sentralisering av drifta av depotordninga kanskje kunne effektiviserast. Oppdraget vart lyst ut på anbod i 2017, men tilbodet var dyrare enn dagens løysing. Det vert arbeidd med å optimalisere drifta.

Orientering om fylkes-ROS v/Mari Severinsen

Ny utgåve av fylkes-ROS vart publisert på kommunekonferansen 15. mai i fjor. Det er òg laga ein handlingsplan for å følgje opp funna i analysen. Det skal årleg utarbeidast konkrete tilleggsscenario. I 2017 vart det utarbeidd eit tunnelbrannscenario og i 2018 skal det utarbeidast eit cruiseskipsscenario og eit gradert vedlegg. Det graderte vedlegget vil ta føre seg kritiske objekt og system i eit regionalt perspektiv.

Speakers corner

- PST er avhengig av lyttbøyer i distrikta og vil invitere til seminar med lokalt politi og andre samarbeidspartnarar. PST er elles tilgjengelege for rådgjeving og oppmodar om å ta kontakt ved trong.
- Redningsselskapet har vedtatt at det skal stasjonere ei redningsskøyte og eit sjøredningskorps i Sognefjorden, men plasseringa er førebels ikkje bestemt.

Totalforsvarsprogrammet v/Haavard Stensvand

Både nasjonalt og internasjonalt er tryggleiksbildet i endring, der blant anna hybride truslar har vorte meir aktuelt. Merksemnda har i fleire år vore på at Forsvaret må støtte det sivile samfunnet. No er meir av merksemnda retta mot at Forsvaret òg er avhengig av støtte frå, og samvirke med, det sivile samfunnet.

- Noreg må syte for å ha ein god sivil beredskap for at NATO skal kunne yte støtte i ein krigssituasjon. NATO sine forventningar kjem til uttrykk i sju krav, dei sokalla «Seven baseline requirements».
- I 2018 skal det arrangerast ei stor fullskalaøving i Noreg. Øvinga heiter Trident Juncture, og fleire sivile aktørar skal delta saman med Forsvaret. Fylkesmannen er ansvarleg for den fylkesvise planlegginga og kontakten innan totalforsvaret, og samarbeider med Forsvaret.

Hybride truslar v/Haavard Stensvand

Hybrid krigføring er ein kombinasjon av konvensjonelle og ikkje-konvensjonelle krigsverktøy. Fenomenet er ikkje nytt, men definisjonen av omgrepet er ny. For å handtere hybride operasjonar må vi framfor alt forstå sårbarheitene. Vidare må vi ha ei analytisk evne og kapasitet til å setje saman eit samla situasjonsbilette. Samvirke med omsyn til informasjonsinnsamling, analyse og mottrekk er òg viktig.

Orientering om øvinga Trident Juncture 2018

Trident Juncture er ei stor NATO-øving i Noreg. Fullskalaøvinga («Live-ex») varer frå 25. oktober til 7. november, men øvinga krev omfattande førebuingar. Ei skrivebordøving («Command Post Exercise») vil verte gjennomført etter fullskalaøvinga. Om lag 35 000 soldatar, 150 fly og 70 fartøy frå 30 ulike nasjonar vil delta på øvinga. Målet er å styrka samarbeidet mellom NATO-land og samarbeidet med andre land og sivile aktørar.

Øving knytt til Trident Javelin 2017 og Trident Juncture 2018

Hovudkonklusjonar

- Vi bør ha ei pragmatisk tilnærming til utveksling av gradert informasjon. Fastsetjing av graderingsnivå er ei vurderingssak, og det er viktig at det ikkje går ut over rolle- og systemforståing.
- Vi må halde fram prosessen med å tryggleiksklarere medlemmer og varamedlemmer i fylkesberedskapsrådet.
- Dei enkelte aktørane i fylkesberedskapsrådet må kontrollere kva personell som er tilgjengeleg i ein krigssituasjon og kven som vil verte mobilisert til teneste i Forsvaret eller Sivilforsvaret.

Evaluering

Det var semje om at diskusjon omkring dei problemstillingane som vart reist i øvinga var nyttige, og at øvingsforma fungerte godt.

Generelle punkt til vidare oppfølging

- Kystverket, politiet o.a. ønskjer å ta del i arbeidet med cruisescenario (fylkes-ROS).
- Mattilsynet (MT) er urolige for drikkevassforsyninga, og intensiverer arbeidet med å vurdere planar for tiltak i m.a. nedbørsfelt for drikkevasskjelder. MT treng å samarbeide med Fylkesmannen og mange andre etatar, for å få informasjon om tiltak som omfattar sitt forvaltningsområde.
- Terje Olav Øen, Helse Førde: Det er problematisk at fleire står som ansvarlege for tiltaka i handlingsplanen knytt til fylkes-ROS. Fylkesmannen bør peike ut éin som hovudansvarleg for koordinering av deltiltaka.

Stig Morten Tengesdal og Sondre Lekve Bjelle/referentar